

Uskedalselva toppar fangst-statistikken for Kvinnherad-elvane for 2008 som Fylkesmannen no har lagt ut. Det tiltross for mindre gunstige fisketilhøve i denne typiske flomelva denne sesongen.

Men totalt sett for fylket er dette ein av dei dårlegaste fangstsosongane som er registrert dei siste 10 åra med 6.703 kilo laks og 2.610 kilo sjøaure.

I Uskedalselva vart det fanga 19 laksar under tre kilo som vog tilsaman 37 kilo, 32 laksar mellom tre og sju kilo som vog 145 kilo og to laksar over sju kilo som vog 16 kilo. Dette vart tilsaman 198 kilo.

Dei tilsvarande tala for Æneselva på andreplassen i kommunen var 14 laksar på 30 kilo, 14 laksar på 58 kilo og åtte laksar på 70 kilo, tilsaman 158 kilo.

I Hattebergs- og Melselva vart det fanga seks laksar under tre kilo, 11 mellom tre og sju kilo og ein over sju kilo, tilsaman 64 kilo, medan fangstane i dei andre elvane i kommunen var svært små. Til dømes kom ikkje Omvikdalselva opp i meir enn 30 kilo og Bondhuselva stoppa på 39 kilo.

Når det så gjeld sjøauren toppa Uskedalselva med 120 kilo foran Hattebergs- og Melselva med 41 kilo , Omvikdalselva med 19 kilo og Bondhuselva med 18 kilo.

Ikkje minst oppsynsmann Arne Terje Haugland er glad for dei positive fangst-tala og han har denne kommentaren til uskedalen.no:

- Ein hovudgrunn til at elva har så bra med fisk er utan tvil den intense kalkinga gjennom mange år. Ein annan grunn er at forbodssona for fiske utanfor elveosen vart kraftig utvida for tre-fire år sidan slik at den no er avgrensa av ei rett line frå Børnes til Flatholm.

Etneelva låg som før på ein klar topp i fylket med 2.929 kilo fanga laks medan Matreelva toppa for sjøaure med 448 kilo.

Forklaringa på dei reduserte laksefangstane er i hovudsak restriksjonar som vart innført før sesongen, Ei rekke elvar fekk redusert fisketid og i nokre vart det innført strenge døgnkvotar for kvar fiskar. Tysseelva i Samnanger og Ådlandsvassdraget på Stord var stengt for fiske denne sesongen.

Det er særleg smålaksen som har svikta, medan fangst av mellom- og storlaks er omtrent som på det jamne dei siste 10 åra. Fangsten av smålaks er det det lågaste som er registrert på meir enn 15 år.

Fangst av sjøaure har og vorte redusert på grunn av dei nye restriksjonane. Nesten alle sjøaureelvane fekk redusert fisketid i år.

Av Ola Matti Mathisen